



MS NORJARL er klar for los og taubåt.

Kaptein Vidar Koløy frå Uskedalen er på langfart med MS NORJARL. Reisa gjekk frå Wismar i Tyskland, gjennom Kielkanalen, Den engelske kanal, over Biscaya, langs kysten av Portugal, gjennom Gibraltarstredet til Garrucha i Spania for å lasta gips i bulk. Det var ei reise på 2007 nautiske mil. Heimreisa går til Drammen og er rekna å ta 10 døger og er på 2110 nautiske mil.

Vidar Koløy har før fortald til Uskedalen.no at han likar seg best på kysten og i Nordsjøfarten og i Østersjøen. Han har farledbevis på norskekysten og kan gå i tronge farvatn med store skip. No vart det noko annleis. Ei skipsreise til Middelhavet skjer ikkje så ofte.



Sjøkaptein Vidar Koløy ser til at styrehuset er desinfisert før og etter losen.

Garrucha ligg sør for den kjende byen Cartagena. Då har ein alt passert Malaga og Costa del Sol. Lasta er 6317 tonn gips i bulk som skal lossast i Drammen. Koløy reknar med å vera framme i Drammen kring 20. mai. Neste oppdrag er å lasta stein på Tau i Ryfylke for lossing i Tromsø. Sjølv ser han fram til å få avløysing i Kristiansand der vikarskipperen bur.



MS NORJARL er 120 meter lang og har ein tonnasje på 6796 dwt. Bilete er teke på bakken.

MS NORJARL er 120 meter lang og har ein tonnasje på knappe 6800 tdw. Med eit mannskap på 11 er Vidar Koløy den einaste frå Noreg. Det er fire frå Russland, to frå Latvia, ein frå Litauen og tre frå Polen.

Før ankomst til Garrucha gav dei seg tid til ein bad i det varme havet. Med eit kort stopp gjekk mannskapet på bakken og hoppa i sjøen frå stor høgde. Kapteinen stod i brovingen og filma.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Vidar Koløy



Gibraltarstredet skil Europa frå Afrika. Her gjeld høgreregelen ved passering.